

ÅRSFORTELJING 2024



DEN NORSKE KYRKJA
Møre bispedøme



Biskop
Ingeborg Midttømme



Leiar Møre bispedømeråd
Arnt Ove Tenfjord

Kyrkja for mennesket - og for samfunnet

Møre bispedøme er yngst av bispedømme i Den norske kyrkja, men grunnlaget og åndsarven i dette bispedømmet høyrer til dei eldste og viktigaste rotene for kristen tru i Noreg.

Møre bispedøme har 97 kyrkjelydar. I bygder og byar i heile Møre og Romsdal er kyrkja til stades. Synleg i form av 120 kyrkjebygg, ei rekkje gravplassar, kapell og seremonirom.

Mange møter kyrkja gjennom dei store hendingane i livet: dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. I tillegg er gudstenesta det mange tenkjer på i samband med kyrkja. Men Den norske kyrkja er meir en det: Kyrkja er også babysong, omsorg for dei som fell utanfor, ungdommar som får leiaropplæring og tek ansvar, kulturarrangement av høg kvalitet og mykje meir. Vi vonar denne årsforteljinga kan vere med å gjere synleg breidda i arbeidet i Møre bispedøme.

Kyrkja er ein stor organisasjon i sivilsamfunnet, som gir viktige bidrag i lokalsamfunna i heile Møre og Romsdal. Både stat og kommune kan gjere seg nytte av kyrkja i høve til å møte utfordringar. Kyrkja er òg ein viktig aktør i arbeidet med beredskap og sikkerheit, i møte med kriser for den enkelte, til katastrofar som rammar verksemdar eller heile lokalsamfunn.

Også i den tryggleikspolitiske situasjonen vil kyrkja spele ei rolle. Kyrkja ønskjer eit aktivt samarbeid med organisasjonar som arbeider med misjon, diakoni, barn og unge. Vi meiner vi kan bli meir for fleire når vi samarbeider med andre kristne trussamfunn lokalt, og når vi skaper dialogarenaer på tvers av tru og livssyn.

Kyrkjene er også ein viktig kulturarena, med nær 100.000 deltakarar på kyrkjelege kulturarrangement årleg. I 2024 vart det offentleggjort ein rapport som viser at Den norske kyrkja bidreg med 4,3 milliardar på kulturfeltet.

***”I bygder og byar i heile
Møre og Romsdal er
kyrkja til stades”***

Folkekyrkja i Møre og Romsdal er 74 % av dei som bur i fylket, og den er til stades med kompetente tilsette, engasjerte medlemmar i sokneråd, fellesråd og bispedømeråd - og ikkje minst frivillege som står på til beste for kyrkja og lokalsamfunna! Saman arbeider vi for å skape meir himmel på jorda, og halde historia om Jesus levande. Det gir tru, håp og mening - også i dag.

Det blir sagt at kyrkjene og
kyrkjestadane er limet mellom
storsamfunnet og Den norske kyrkja.
Denne samanbindinga kjenner vi på
i møte med kyrkjerom og kyrkjestad.
I kyrkja er det på same tid høgtidssamt
og enkelt. Her møtest dei lange linjene,
her er tilhøyrslø og samanheng.
Vi trur at Gud møter oss i gudstenesta.
Og vi møter kvarandre i denne
felleskapen. I sorg og i glede.
I høgtid og kvardag.
Kyrkja er rotekta og slitesterk.



**Kyrkjestadane -
tradisjonsberarar**

Meir himmel på jorda

Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande, og misjonerande folke-
kyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.

Strategi for Den norske kyrkja for 2022–2029	 Kyrkja opnar rom for tru	 Kyrkja er der livet vert levd	 Kyrkja er meir for fleire
 Kyrkja for den enkelte	Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet	Styrkjer kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar	Gjev tilhøyrslø og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt
 Kyrkja i samfunnet	Fremjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle	Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt	Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på
 Kyrkja som organisasjon	Styrkjer gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje	Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar	Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena

Kyrkja i Møre i tal

Tre av fire innbyggjarar i Møre og Romsdal er medlemmer i Den norske kyrkja. Til saman om lag 200.000 menneske.

På kvart eit nes og i kvar ein fjord er det ein kyrkjestad og og ein kyrkjelyd.

Dei store og viktige stundene i livet er omramma av kyrkja: dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. Kvart år blir 1700 born døypte og 2300 ungdommar konfirmerte i kyrkjene i Møre.

Mange er aktive deltakarar i kyrkja, anten som tilsett eller i frivillig arbeid. Kyrkja i Møre har til saman 420 tilsette og kring 6400 frivillige.

Dei 120 kyrkjene i Møre er kyrkjelyden sin faste møtestad til gudstenester. Kvart år kjem nær 300.000 menneske i alle aldrar til gudsteneste i den lokale kyrkja her i bispedømet.

Kyrkja er også arena for ei stor mengd konsertar og kulturarrangement: Kvart år deltek over 90.000 menneske på slike arrangement.



Tal medlemmar
198 635

73 % av innbyggjarane
i Møre og Romsdal

Kyrkja i Møre

Den norske kyrkja er ei landsdekkande folke-kyrkje, delt inn i 11 bispedøme. Kvart bispedøme har sin eigen biskop, og eit valt bispedømeråd, som representerer og leier arbeidet i sitt område. Kvart bispedøme er delt inn i prosti, fellesråd og sokn.

MØRE BISPEDØME
Tal geografiske sokn: 95
Tal kyrkjelege fellesråd: 26
Tal prosti: 5

Soknet er den grunnleggande eininga i Den norske kyrkja og den geografiske ramma om kyrkjelyden. Sokna varierer i geografisk utstrekning og tal medlemmar, men kvart sokn har minst éi kyrkje. **Soknerådet** blir valt mellom kyrkjemedlemmane i soknet og har som grunnleggande oppgåve å vekkje og nære det kristelege livet i soknet.

Alle sokna innanfor ein kommune utgjør eitt **fellesrådsområde**. **Kyrkjeleg fellesråd** består av soknerådsrådsmedlemmar frå kvart sokneråd i kommunen, ein prost eller annan prest og kan i tillegg ha ein representant valt av kommunen. Fellesrådet har i hovudsak økonomiske og administrative oppgåver på vegner av sokna, og tek også i vare sokna sine interesser overfor kommunen. Kyrkjeverja er dagleg leiari i fellesrådet.

Prostiet er tenestedistriktet for prestane. I Møre omfattar prostia fleire kyrkjelege fellesrådsområde. Prosten leier prestenesta i prostiet og samvirkar med dei kyrkjelege råda i prostiet.

* Frå 01.01.25 vart Indre Romsdal prosti slått saman med Molde domprosti



MOLDE DOMPROSTI *

27 sokn
5 fellesråd
20 kyrkjer

NORDRE SUNNMØRE PROSTI

24 sokn
6 fellesråd
25 kyrkjer

SØRE SUNNMØRE PROSTI


20 sokn
7 fellesråd
20 kyrkjer

YTRE NORDMØRE PROSTI

12 sokn
4 fellesråd
16 kyrkjer

INDRE NORDMØRE PROSTI

13 sokn
4 fellesråd
16 kyrkjer





Tal døypte 2024:
1 790

73,6 % av fødde
Opp frå 1708 døypte i 2023

Foto: Den norske kyrkja



Foto: Kyrkerådet

Tal konfirmerte 2024:
2 296

Tal på 15-årige medlemmar:
2 627
Del konfirmantar av 15-årige medlemmar:
90,6%



Foto: Helene Moe Slinning / Den norske kyrkja

Tal gravferder 2024:
2 089

99 % av døde medlemmar



Foto: Audun Haugen

Tal vigslar 2024:
415

Opp frå 350 i 2023



Gudstenester i Møre

3 210

Ned frå 3 339 i 2023

Deltakarar
gudstenestar

288 281

Opp frå 286 252 i 2023

Foto: Volda sokn



Tilsette totalt
i bispedømet

420

Konsertar og andre
kulturarrangement

853

I 2023: 825

Deltakarar konsertar
og andre kultur-
arrangement

91 250

I 2023: 91 245

Frivillege

6 407

Opp frå 5 762 i 2023

Faste preststillingar


76,4

Del tilsette kvinner i 2023: 35 %

Vigslingar i 2024: 2 prestar



Foto: Elias Storhaug



Kyrkja opnar rom for tru

Den norske kyrkja i Møre vil opne rom for tru og forkynne evangeliet for menneske gjennom heile livet.

Kyrkja opnar rom for mange, gjennom aktivitetar og ulike former for nærvær i lokalsamfunn og storsamfunn.

Kyrkja opnar rom særleg knytt til viktige hendingar i livet, som dåp, ungdomstid, vigslar og gravferd.



Dåp

Dei fleste som søker opp Den norske kyrkja har starta ei livslang tilknytning gjennom dåpen. Derfor er dåpstala avgjerande for kyrja.

Eit fleirtal av medlemane vel dåp for sine barn. Dåpen gir grunnlag for å bli medlem av Den norske kyrkja – i den lokale kyrkjelyden – og i den verdsvide kyrkja.

I Møre bispedøme vart 1790 barn døypte i 2024, eller 73,6% av dei fødde. Kyrkja ønskjer å gjere det enkelt å velje dåp. Ein del kyrkjelydar har drop-in-dåp, og det er ope for å ha eigne dåpsgudstenester, men det vanlegaste er framleis dåp i hovudgudstenesta sundag kl. 11.



Konfirmanter døypte i Vatne kyrkje, våren 2022.
Foto: Vatne sokn

Konfirmasjon

Gjennom konfirmasjonen stadfestar Gud det som vart lova i dåpen – eg er med! Det kan gje tru, håp og meining i ei krevjande tid.

Kyrkjeleg konfirmasjon har historisk sett stått sterkt i Møre bispedøme. I 2024 valde 91% av dei døypte ungdommane å konfirmere seg i kyrkja. Det vil seie 2296 ungdommar. Her skil Møre seg ut, med absolutt høgast oppslutning i landet.

Konfirmasjonstida er ei tid for kyrkjelydane til å bli kjende med breidda av alle 15-åringar.

Kyrkja jobbar for å vere tilgjengeleg for alle som ønskjer konfirmasjon, uansett funksjonsnivå.

***Kyrkjeleg konfirmasjon
har historisk sett stått
sterkt i Møre. I 2024 valde
91% av dei døypte
kyrkjeleg konfirmasjon***

Gravferd

Gjennom ordet, bønene, seremonien, musikken og kyrkjebygget opnar gravferda rom for tru for alle etterlatne.

Talet på gravferder er stabilt. Møre ligg øvst mellom bispedøma, ved at at ein svært høg prosent av kyrkjemedlemane som dør ønskjer kyrkjeleg gravferd.

I 2024 var det 2089 kyrkjelege gravferder. Det tilsvaret 99% av døde medlemar.



Foto: Elias Storhaug



Foto: Audun Haugen

Vigslar

Det var 415 vigslar i kyrkjeleg regi i Møre i 2024. Det er ein auke på 65 frå 2023, og det høgste talet sidan 2017.

Dei mest brukte vigselskyrkjene held posisjonen sin, og framleis er det Borgund kyrkje som har flest vigslar i bispedømet (28), følgt av Ålesund og Volsdalen sokn (39). Deretter følgjer Ulstein (20).

Både Ålesund og Ulstein har hatt fokus på drop-in vigsel, og ein har arbeidd både i Møre og nasjonalt for å løfte fram at vigslar i kyrkja kan vere omfattande, eller og lite og enkelt, men uansett like stort.

Gudstenesta er det sentrale rommet for tru. I 2024 deltok omlag 260.000 ved gudstenester i kyrkjene i Møre

Gudstenester

Gudstenesta i Den norske kyrkja er ein viktig møtestad mellom menneske, og skapar rom for tru. Det er i gudstenesta dei fleste vert døypte. Gudstenester går tradisjonelt føre seg på søn- og helgedagar i kyrkja. Det er blitt meir vanleg å ha gudstenester på kvardagar.

Gudstenester blir også gjennomført i friluft, på museum eller i andre offentlege rom. Gudstenesta er eit resultat av samarbeid mellom tilsette og frivillige. Sjølv om det er ordningar vedtatt av Kyrkje-



Foto: Per Eide

møtet som legg rammene for gudstenestene, er dei prega av kulturen og menneska der dei vert feira.

Samisk kyrkjeliv

Møre bispedøme er del av det sørsamiske området. Fleire stadnamn, særleg på Nordmøre, har truleg samisk opphav.

Bispedømet oppfordrar til å nytte samiske ledd i gudstenester, og markere samane sin nasjonaldag, 6.februar.

Møre bispedøme arbeider saman med resten av Den norske kyrkja med rapporten frå Sannhets- og forsoningskommisjonen, der m.a. tilhøvet til samar er tematikk.



May Bente Jønsson, som til dagleg er trusopplærar i Sunndal, blei i 2024 valt til leiar av Samisk kyrkjeråd

(foto: Hans Jakob Heimvoll)

Ei berande tru: Kyrkjeleg undervisning

Kyrkjeleg undervisning og læring er tett knytt til kyrkja sitt oppdrag. Gjennom aktivitetar i alle bispedømmets kyrkjelydar blir barn og unge kjent med kristen tru og tradisjon, kristen praksis, bibeltekster og salmar. Bibelforteljingane er slitesterke, og saman med truspraksis og dei historiske og kulturelle linjene får dei reiskapar til eiga livstolking og til å ta sjølvstendige val. Slik blir ei sterk og levande kyrkje bygd for framtida.

I Møre bispedømme blir det jobba godt, og det er ei stabil høg oppslutning om aktivitar som samlar barn og unge. Statistikken for 2024 syner auka oppslutning om det som fyller ”kvardagskyrkja”, ved ulike aktivitetar gjennom vekedagane.

Trenden frå i fjor fortset og deltakarane på baby – og småbarnsong har ein nedgang på 4% og ein auke på heile 73% frå 2019! Når da tala syner at det er fleire unge som vel å melde seg inn i kyrkja, så har vi grunn til å glede oss!

2 639 barn og unge deltok på baby-/småbarnssong og sundagsskule i kyrkja sin regi i 2024



Frå Spjelkavik kyrkje
Foto: Spjelkavik sokn



Foto: Spjelkavik sokn

Alpha-kurs for ungdom

I Kristiansund var det i 2024 ei nysatsing i Alpha-kurs for ungdommar. Leia av Pernille Blakstad, og i eit samarbeid mellom alle sokna i kommunen samt Averøy, har ungdommar vore samla gjennom året.

Samlingane skjer rundt eit godt måltid, god undervisning frå Alpha Ung og samtalar rundt kristen tru og liv. Dette har vist seg givande, både for tilsette og for ungdommane. Tanken er at dette kan bli eit fast tilbod til ungdommane i etterkant av konfirmasjonsåret.


Samarbeid med skular og barnehagar

Som trussamfunn har vi eit ansvar som kulturberarar. Ved å få innsikt i kristen tru kan ein få innsikt i korleis religion og livssyn inngår i historiske prosessar og heng saman med samfunnsendringar, kulturarv og identitet. Her ønskjer Kyrkja å vere ein ressurs og ein «læringsforsterkar».

Læreplanane legg opp til at elevane gjennom dialog og refleksjon skal utvikla mangfaldskompetanse i møte med ulike livssyn. Dette opnar også opp for samarbeide med kyrkja.

Kyrkja kan bidra med ei historisk og kulturell forankring og slik gje barna referanserammer og eit språk som kan bidra til å knekke koder, gi kunnskap, erfaring og trygghet i møte med kristen tru, kyrkerommet og kyrkjelege handlingar.

Det er særst viktig at samarbeidet er godt forankra i skulens rammer og gjennom transparent og føreseieleg



Kyrkja er der livet vert levd

Den norske kyrkja er til stades i lokalsamfunn i heile Møre og Romsdal. Kyrkja møter menneske der dei er, gjev tilhøyrslø og identitet, driv sosialt arbeid og støttar dei som strevar.

Den norske kyrkja er også ei misjonerande folkekyrkje som samarbeider med aktørar over heile verda. Dessutan er kyrkja ein viktig kulturaktør, lokalt og regionalt.



Foto: Elias Storhaug



Foto: John Erik Brakstad

Kor for born og vaksne

I kyrkjene i Møre var det i 2024 registrert 100 kor for barn og vaksne, med til saman 1880 medlemmer. Dette er ein gledeleg auke på om lag 28% i tal på kor, og ei auke på om lag 12% i talet på medlemmar, samanlikna med 2023.

Etter ein krevjande periode for korarbeidet i kyrkjelydane på grunn av pandemien, viser tala at ein no er på god veg tilbake til aktivi-

tetsnivået på dette feltet frå før 2020.

Møre bispedøme er kultur-bispedøme, og i 2024 deltok om lag 90 000 på ulike konsertar og kulturarrangement i kyrkjene her.

Pilegrim i Møre

Bispedømmet legg aktivt til rette for kyrkjelege aktivitetar i ramma av ei aukande pilegrimsverksemd. Fokuset er både på kvar kyrkje som pilegrimsmål, og på dei to godkjente pilegrimsledene som går gjennom Møre bispedøme; Kystpilegrimsleia og Valldalsleden.

Kystpilegrimsleia er ei spektakulær og vakker reise langs kysten med fjordar, øyar, holmar og skjer, som tek opp att og brukar mellomalderen si seglingslei frå Rogaland til Trondheim.

Valldalsleden er ei led frå fjord til fjell, frå kyst til innland i fotspora til Olav den Heilage. Då han rømte landet vinteren 1028-1029 drog han skipa sine på land i Valldal, og derfrå gjekk han over fjellet til Lesja og Dovre. Det er denne ruta Valldals leden følgjer. Regionalt pilegrimssenter på Smøla er no godt etablert, og bidreg til å styrke pilegrimsfeltet i vårt fylke.

Konsertar og kulturarrangement

Konsertar og kulturarrangement har stor eigenverdi, og er svært viktig for å opne kyrkja for fleire. Møre bispedøme er eit kulturbispedøme, og i 2024 deltok vel 91 000 på ulike konsertar og kulturarrangement i kyrkjene her. Kyrkja i Møre er dermed ein viktig aktør i kulturlivet i vårt område. Kyrkjebygga kan også sjåast som kunstgalleri, der ulike kunstartar er representert med eit tidsspenn på fleire hundre år. Kyrkjebygga er eit stort og viktig bidrag til arkitektur og kulturarv i vårt område. Kyrkja med sine instrument og sine dyktige kyrkjemusikarar inviterer til musikalsk utfolding for menneske i alle aldrar både til gudstenester og kyrkjelege handlingar, og til kor- og konsertverksemd. Med sitt kunst- og kulturarbeid ønskjer kyrkja å vere ein offensiv kulturberar og aktør. Utøvande kunstnarar og produsentar blir derfor invitert inn til samarbeid som tek eit breitt spekter av kunstformer og uttrykk i bruk.

I 2024 la konsulentfirmaet Rambøll Management Consulting fram ein samfunnsøkonomisk analyse av kyrkja sitt bidrag innan kultur og kulturarv. Rapporten viser at Den norske kyrkja på nasjonalt nivå årleg bidreg med verdiskaping på 4,3 milliardar kroner. Av dette utgjer om lag 1 milliard kroner verdiskaping frå kulturaktivitetane i kyrkja. Resterande er verdi av kyrkjebygg og arkitektur. Rapporten viser ikkje tal på bispedømmenivå, men med alle våre vakre kyrkjebygg, og med stort kulturelt aktivitetsnivå bidreg Møre bispedøme i monaleg grad til desse verdiane.

Heile rapporten kan lesast her: [Den norske kirke et samfunnsøkonomisk bidrag](#)



Foto: John Erik Brakstad




Foto: John Erik Brakstad

Kystpilegrimsleia er ei spektakulær og vakker reise langs kysten, med fjordar, øyar, holmar og skjer.

Storsatsing på bevaring av kyrkjene

2024 var oppstartsåret for det store *kyrkjebevaringsprogrammet*, der styresmaktene årleg utlyser opp til 500 millionar kroner gjennom eit fond for istandsetjing og vedlikehald av kyrkjebygg. Fondet blir administrert av Riksantikvaren på grunnlag av eiga forskrift, og dei lokale kyrkjene må søke fondet om støtte til planlagte tiltak. Det er sagt at mellomalderkyrkjene skal prioriterast,

men ein kan søke om støtte til alle listeførte kyrkjebygg - også til formidlingstiltak. I Møre bispedømme er det 9 mellomalderkyrkjer og 50 andre listeførte kyrkjer, som alle har behov for midlar til ulike vedlikehaldstiltak. I 2024 var det få tildelingar som gjekk til Møre, men kyrkjevevningene har gått på kurs for å skrive søknad, og det er venta større løyvingar til Møre gjennom 2025.

Opne kyrkjer - opne hjarte

Å kome åleine - eller to saman - inn i ei opa kyrkje, kan vere ein annan måte å halde gudsteneste på. Mange kan oppleve Guds nærleik på eit anna vis, og den ro og stilla ein kan finne einsam i kyrkja gir rom for ettertanke og undring.

Open kyrkje er ein annan måte å vere kyrkjelyd på, ein annan måte å vere kyrkjerom.

Det handlar om refleksjon, om å tenne lys og vere stille.

Fleire kyrkjelydar i Møre har hatt ordningar med open kyrkje:

I Møre bispedømme hadde 48 kyrkjer *Open kyrkje* i til saman 2078 dagar i 2024.

Kyrkjerådet har mange støtteressursar for å leggje til rette for open kyrkje.

*Giske kyrkje
frå ca. 1130
er kanskje
den eldste
av alle dei
120 kyrkjene
som i dag
står i Møre
bispedømme.*

Djupe røter - sterkt feste



Foto: Kyrkerådet / Torstein Kiserud

Samhandlande heimeomsorg i Ålesund

Ålesund og Volsdalen Menighetspleie hadde i 2023-2024 prosjektet «Samhandlende heimeomsorg». Gjennom prosjektet blei det oppretta ein samarbeidsavtale med Ålesund kommune knytt til heimeomsorg for eldre. Ein suksessfaktor i prosjektet har vore å satse på utrustning av frivillige besøksvenner.

4. september 2024 blei det gjennomført ein fagdag om temaet «Frivillighet i eldreomsorga», med nærare 100 deltakarar frå ulike samfunnssektorar.

Innføringsmateriell for besøksvenner er produsert, og ei frivillighetssamling som gjorde stas på dei frivillige er gjennomført. Fleire frivillige har no engasjert seg i tenesta.



Foto: Kyrkerådet / Torstein Kiserud

Fleire diakonale tilbod

Visjonen for den diakonale tenesta i Den norske kyrkja er «Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste». Den norske kyrkja definerer diakoni slik:

Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Diakoni er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Kyrkjene i Møre er med på å verkeleggjere Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte gjennom eit mangfaldig diakonalt arbeid utført av både tilsette og frivillige.

Talet på tilsette diakonar og diakonimedarbeidarar held seg stadig stabilt i bispedømet. I 2024 var det 21 diakonar/ diakonimedarbeidarar i bispedømmet. 18 av desse får tilskot frå bispedømmet. Om lag 2/3 av sokna har utarbeid lokal plan for diakoni.

I møte med store menneskelege behov i samfunnet og stadig trongare økonomi i kommunane, blir behovet for nytenking og samhandling større. Samskaping har hatt auka merksemd og fokus i både kyrkja og offentlege instansar dei siste åra, og med dette også eit ønske om auka bruk av frivillige i omsorgstenestene.

Kyrkjene i Møre har god kontakt med kommunane og ulike institusjonar i nærområdet, og fleire stader har ein fått på plass gode samarbeidsavtalar eller samskappingsprosjekt.

Kirkens Bymisjon i Kristiansund

Sidan 2022 har Kristiansund kommune, Kirkens Bymisjon og Møre bispedømme arbeid saman for å vurdere moglegheitene for etablering av Kirkens Bymisjon i Kristiansund.

Ei prosjektgruppe med representantar frå alle partar har saman vore på studietur, arrangert workshops og arbeid med prosjektskisse.

Fokuset for prosjektet landa ganske fort på ungdom. 30.september 2024 skreiv partane under på ein forpliktande partnarskapsavtale om prosjektet *Ung Kristiansund*, og arbeidet med å lyse ut stilling for prosjektleiar og finne eigna lokale vart sett i gang.

Etableringa av Kirkens Bymisjon i Kristiansund har heile vegen fått mykje merksemd og støtte, både frå økonomiske bidragsytarar og enkeltmenneske som er interesserte i å gjere frivillig teneste i prosjektet.



Foto: Kristiansund kommune/Ingunn Strand

OPPSTARTSMØTE KIRKENS BYMISJON: Eline Elnes Rabbevig (Møre bispedømme), Joakim Roti Varvin (Kristiansund kommune), Eva Bråland Sætre (Kirkens Bymisjon), Gudmund Fosse (Kirkens Bymisjon), Sindre Stabell Kulø (Møre bispedømme), Nils Åge Aune (Kirkens Bymisjon).

Jobb i kyrkja

Møre bispedømme arbeider breitt med rekruttering. Gjennom dette arbeidet er siktemålet å gi eit tydeleg bilete av det mangfaldet av jobbar som Den norske kyrkja tilbyr - og korleis medarbeidarar i kyrkja bidreg til å bygge gode lokalsamfunn.

Kyrkja er synleg og tilgjengeleg på ei rekkje rekrutteringsarenaer; møter ungdommar på utdanningsmesser og unge vaksne på ulike «Bli med hit» arrangement.

Kyrkja er på studiestadane, tilbyr sommarjobb og legg til rette for dei som ønskjer å kvalifisere seg til framtidig presteteneste i Den norske kyrkja.



Ungdommar prøver liturgiske tekstil under utdanningsmessa.

Foto: Stine Lerheim

Del av den verdsvide kyrkja



Foto: Bente Wangenstein

Møre bispedømme er del av den verdsvide kyrkja. Dette kjem til syne på ulike vis:

Gjennom venskapsavtalar med kyrkjene i nordre Ungarn og Newcastle utvekslar vi erfaringar og idear, og legg til rette for ulike kontaktpunkt mellom bispedøma våre. I sommar drog ei gruppe ungdommar frå Tingvoll til *Szélrózsa*, ein stor kyrkjeleg ungdomsfestival i Ungarn.

Møre bispedømme har nær kontakt med fleire organisasjonar som arbeider internasjonalt. Nesten alle kyrkjene (kyrkjelydane) i Møre har avtalar om å støtte ulike prosjekt til desse organisasjonane. Avtalane skal berike dei lokale kyrkjelydane, og skape engasjement for og solidaritet med kyrker i andre delar av verda.

Samarbeid menighet og misjon (SMM) er eit formelt og praktisk samarbeid mellom Den norske kyrkja og sju norske misjonsorganisasjonar.

KART: Dei sju organisasjonane i Samarbeid menighet og misjon arbeider saman med søsterkyrkjer og lokale partnarar på grasrota og i lokalsamfunn i over 40 land i alle verdsdelar.

Naudhjelp og bistandsprosjekt

Møre bispedømme er medeigar i Kirkens Nødhjelp, ein økumenisk bistandsorganisasjon som arbeider i over 30 land med naudhjelp, langsiktig utviklingsarbeid og politisk påverknad.

Årleg blir konfirmanter i heile bispedømmet engasjert i *fasteaksjonen*, der ein samlar inn pengar til ulike bistandsprosjekt gjennom fasteaksjonen.

Dialogarbeid

Som majoritetskyrkje er det Den norske kyrkja sitt ansvar å romme mangfaldet som finst på livssynsområdet i distriktet vårt.

Møre bispedømme arbeider derfor med å sikre nær kontakt med dei ulike trus- og livssynssamfunna som er representerte i Møre og Romsdal, samt å spreie kunnskap om religiøs ulikskap og mangfald, både inn i kyrkja, i skulen og på andre arenaer i samfunnet.



Foto: Kirkens Nødhjelp



Rom for deg

*Den norske kyrkja er Noreg si folkekyrkje,
med 3,5 millionar medlemmar.*

*Med 76 000 frivillige, 8000 tilsette
og 1600 kyrkjebygg, er kyrkja til stades
i heile landet for å skape
meir himmel på jorda!*





DEN NORSKE KIRKE